

Trond Gaustad  
Gaustad 10  
5918 Frekhaug

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Gaustad, 15.09.14

### Innspel til kommuneplan

Vi vil be om at naustområde på Gaustad gnr. 39 bnr 5, bnr 34 og 35, som vist på kart vert tatt med i kommuneplanen.

Som det kjem fram av vedlagt kart er eit naust oppført. Dei andre to nausttomtane vart godkjent og gitt unntak for strandplanlova i samsvar med § 6, i Meland bygningsråd 09.03.78. Skyldskifte fann stad 30.10.78.

Området vert i dag nytta som båthamn for dei tre parsellane, og ein ser føre seg oppføring av naust på dei to parsellane som ikkje er utbygd.

Med helsing

*Trond Gaustad*

Trond Gaustad  
Eigar av gnr 39, bnr 35

*Hanna Gaustad*

Hanna Gaustad  
Eigar av gnr 39, bnr 34

*Daniel Jordal, Inger Måne Jordal*

Daniel Jordal  
Eigar av gnr 39, bnr 5

Veg nr. 12. naustveg for bnr. 5. Eigaren av bnr. 5 har rett å bruka veg nr. 10 som gongeveg frå bygdevegen austover til grense 15, herfrå har bnr. 5 rett til gongveg slik som avlagd på kartet over bnr. 8 og 3 sine nye teigar fram til naustteigen sin i Havnen ca ved grensemerke 76.

Veg nr. 13. Bnr. 3 har rett til gongeveg etter den gamle veg over Gjeilleledet slik som avlagd på kartet frå innmarka til bnr. 1 sørvestover til grense 22 ca 30 m aust for grensemerke 120.

#### 6. Ymse.

Partane ynskte ikkje gjerdeplikt pålagt i dei nye delgrensene, men gjerdeplikta i yttergrensene skal vera slik som før og haldast av partane slik som før.

Dei gamle torvrettane i utmarka er no avløyste ved jordskiftet og fell bort.

Bnr. 4 sin rett i det gamle naustet til bnr. 1 er urørd av saka og er som før.

Rettar som dei utskilde hyttetomtene har utan om veggrettane er urørd av saka og er som før.

Bnr. 30 skal ha rett til fritt og uhindra tilflot til naustet sitt på søraustsida av naustet og likeeins skal bnr. 2 ha rett til fritt og uhindra tilflot til eit eventuelt naust som vert bygt på berghylla nordvest for bnr. 30. Båe desse tilflot vert på søraustsida av nausta og kan såleis koma inn på kvarandre sine teigar.

Eigaren av bnr. 1 har rett å senka Vastetjønna det han finn turvande og såleis sprengja og grava inn på bnr. 2 sin nye teig for denne senking. Lause massar ved dette arbeid treng ikkje borttransporterast.

Eigaren av bnr. 3 og eigaren av bnr. 5 er vorte samde om at eigaren av bnr. 3 skal overtaka bnr. 5 si planerte og utskotne stø og nausttuft i Havnen.

Det støypte stativ for spel skal då stå urørd att, men eigaren av bnr. 5 har rett å taka bort lunnane og det skur som i dag står på nausttomta.

